



ATR Eiendom AS
Sandviksbodene 5
5035 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2245 - 16/21946

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
17.08.2016

Gbnr 212/132 Eikanger. Deling av areal til industri - parsell 8 i regulert industriområde.

Eigedom: Gnr.212 bnr.132 Eikanger
Adresse for eigd.: 5913 Eikangervåg
Type tiltak: Deling av grunneigedom, areal til industriføremål
Heimelshavar: ATR Eigedom AS
Søker: Tippetue Arkitekter AS

Saka gjeld:

Heimelshavar eig gbnr 212/132. Dette er eit industriområde på Eikanger. Området er regulert i gjeldande reguleringsplan 1263-201114. Heile industriområdet er på 297da. No vert det søkt om å få dele frå 1 parsell på 5700m2. Parsellen ligg i området nemnd KBA2. Parsellen som skal delast frå har nr. 8 i planen. Kjøpar er i søknaden nemnd NNP Parsell 8 AS.

Planstatus/dispensasjonar:

For området gjeld reguleringsplanen vedteke 11.12.2012. Delinga det er søkt om er i samsvar med planen. Dispensasjon er ikkje naudsynt.

Tilkomst/vassforsyning og avløp:

Det er tilkomst frå RV39, offentleg vatten og avløp på staden. Løysingane som er vald er i samsvar med reguleringsplanen.

Uttale frå andre mynde:

Det er ikkje naudsynt med uttale frå andre mynde.

VEDTAK:

Med heimel i PBL §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til å dele frå parsell nemnd 8 i planen. med ein storleik på 5700m2, frå Eikanger industriområde KBA2, slik det er søkt om og synt på vedlegg til søknad motteke i kommunen 13.mai 2016.

Arealet skal nyttast til industri i samsvar med gjeldande plan.



Grunngjeving for vedtaket:

Kommunen vurderer søknad om deling etter pbl §§20-1 og 26-1:

«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel eigna til bygging på grunn av storleik eller form.»

Det gjeld frådelling av areal til industri i eit område som i godkjend plan 1263-201114, er sett av til føremålet.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i pbl.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyvet til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. Pbl § 21-9.

Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen, vedteke i desember 2015 gjeldande frå januar 2016, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Deling i samsvar med grenser fasett i godkjend plan kr.4000,-

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Planavdelinga i høve til delegert mynde.

Klage etter forvaltningslova:

Partane kan klage til overordna mynde over vedtaket, innan tre veker, jf. §§28 flg. i Forvaltningslova

Med helsing

Frøydis Ones
konst. avdelingsleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
ATR Eiendom AS

Sandviksbodene 5 5035

BERGEN